

Læreplan i valfaget levande kulturarv

Fastsatt som forskrift av Kunnskapsdepartementet 14.05.2013.

Gjeld frå 01.08.2013

Føremål

Valfaga skal medverke til at elevane kvar for seg og i fellesskap styrkjer lysta til å lære og oppleve meistring gjennom praktisk og variert arbeid. Valfaga er tverrfaglege og skal medverke til heilskap og samanheng i opplæringa.

Kunst, kultur og tradisjonar ber med seg kunnskap frå tidlegare tider. Kjennskap til og praktiske ferdigheiter i tradisjonar medverkar til å vidareføre kulturarven til framtidige slekter. Arbeid med ulike kulturuttrykk kan auke nyfikne, forståing og toleranse for eigen og andre sin kultur og vere eit bidrag til å levandegjere kulturarven. Samfunnet treng kreative og samfunnsbevisste menneske som kan medverke til å skape meningsfulle aktivitetar knytte til kunst, kultur og tradisjonar, som fører til verdiskaping for lokalsamfunnet.

Elevane skal gjennom utforsking og formidling av ulike tradisjonar få auka kunnskap om eigen og andre sin kulturarv. Dette kan fremje motivasjonen hos elevane for læring, for tilhørsle og gi auka personleg utvikling, kreativitet og skaparglede.

Valfaget omfattar arbeid med den kulturelle arven innan eit utval av kunst, handverk, mat, arkitektur, kulturminne, munnleg forteljing, musikk eller lokalhistorie. Aktivitetane i faget skal vere varierte og danne grunnlag for elevane sine undersøkingar, praktiske utprøvingar og framstillingar av ulike uttrykk og produkt. Arbeid med faget skal fremje samarbeid med lokalmiljøet, lokale aktørar og kulturberarar.

Valfaget hentar hovudelement frå mat og helse, kunst og handverk/duodji, musikk, men kan også hente element frå norsk/samisk, samfunnsfag og RLE.

Hovudområde

Valfaget er strukturert i to hovudområde. Hovudområda utfyller kvarandre, og ein må sjå dei i samanheng.

Oversikt over hovudområda:

Hovudområde	
Utforsking	Formidling

Utforsking

Hovudområdet omfattar kartlegging og bearbeiding av kunnskap om eigen og andre sin kulturarv og historie gjennom aktivt å finne fram til ulike kjelder. Vidare omfattar hovudområdet oppøving av praktiske ferdigheiter med utgangspunkt i ulike tradisjonar. Samarbeid med lokale aktørar og kulturberarar gjennom praktisk arbeid inngår i hovudområdet.

Formidling

Hovudområdet omhandlar det å skape eigne uttrykk og produkt baserte på tradisjonar og handverk, som til dømes bygningar, gjenstandar, matrettar, musikk eller munnlege forteljingar. Hovudområdet inneber formidling av eigen og andre sin kulturarv gjennom framføring, marknad, utstilling, framsyning eller digitale medium. Vidareutvikling av lokal tradisjon åleine, i grupper eller i samarbeid med aktørar i lokalsamfunnet inngår også i hovudområdet.

Timetal

Valfaget levande kulturarv: 57 årstimar

Timetalet er oppgjeve i einingar på 60 minutt.

Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla på premissane for faget.

Kompetansemål

Levande kulturarv

Utforsking

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- finne fram eksempel på lokal kunst, kultur og tradisjonar og vise til utvikling over tid
- tileigne seg enkle ferdigheiter og teknikkar ut frå kunnskap om kunst, kultur og tradisjonar

Formidling

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- skape og vise fram eigne uttrykk eller produkt baserte på kunnskap om kunst, kultur og tradisjon
- formidle kunst, kultur og tradisjonar på aktuelle arenaer ved å bruke varierte uttrykksformer

Vurdering

Retningslinjer for sluttvurdering:

Standpunktvurdering

Årssteg	Ordning
Når faget blir avslutta	Elevane skal ha ein standpunktkarakter

Eksamen for elevar

Årssteg	Ordning
Når faget blir avslutta	Det er ikkje eksamen i faget

Eksamen for privatistar

Årssteg	Ordning
Når faget blir avslutta	Det er ikkje privatistordning i faget

Dei generelle retningslinene om vurdering er fastsette i forskrifta til opplæringslova.